



Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 11. - laurdag 12. mars 2011 på Alexandra Hotel, Molde



Over 100 utsendingar og gjestar deltok på landbrukskonferansen og årsmøtet i Bondelaget 11. og 12. mars. Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik frå Eide (foran). Vidare frå høgre: leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, landbruksdirektør Anne Berit Løset, stortingsrepr. Jenny Klinge (Sp), Surnadal og Rigmor Andersen-Eide, Ålesund, og styreleiar i Felleskjøpet, Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal. (Foto: Arild Erlien)

LANDBRUKSKONFERANSE om rekruttering og matpolitikken

I framkant av fylkesårsmøtet var det fredag kl. 10.00 – 16.00 ei landbrukskonferanse med 109 deltakarar med tema Rekruttering – Kunnskap – Verdiskaping - Politikk for Møre-landbruket

Konferansen vart arrangert i lag med Landbruk Nordvest – Norsk Landbruksrådgivning og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og samla deltakarar frå lokale Bondelag, landbrukskontor, landbruksorganisasjonar og politikkarar. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon.

Det var musikkinnslag ved fylkesagronom Åshild Melke-
raaen (piano) og rådgjevar Kari Bjørnøy (fløyte)

Landbruksdirektør i M&R, **Anne Berit Løset**, innleia konferansen om kvar og kven bonden er om ti år.

Dotter og far **Anette og Søren Johan Øveraas** frå Vestnes fortalde forsamlinga om felles satsing på ku og hest.

Styreleiar Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, **Oddveig Gikling-Bjørnå**, Sunndal, tok for seg likestilling og kompetanse for å få rekruttering av tillitsvalde.

Rådgjevar i Tine Midt-Norge, **Lasse Krogseth**, snakka om bruksutvikling og vegval.

Ordførar i Surnadal, **Mons Otnes (Ap)**, heldt innlegg om kommunane som landbruksutviklar.

Rådgjevar **Oddbjørn Kval-Engstad** i Landbruk Nordvest snakka om graslandet.

Regionleiar **Paul Sindre Vedeld** frå Vanylven heldt innlegg om at Nortura tek utfordringane lokalt og nasjonalt.

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik og nestleiar Birgit Kjerstad samtalte med stortingsrepresentantane i Næringskomiteen: **Else-May Botten (Ap)**, Molde og **Rigmor Andersen Eide (KrF)**, Ålesund, forutan stortingsrepr. **Jenny Klinge (Sp)**, Surnadal, om næringspolitikken for landbruket på Nordvestlandet.

Bondelagets Servicekontor AS

| | | | | |
|---|--|--|--------------------------------|---|
| Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde | Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde | Telefon: 71 20 28 90 | Mobil: 907 29 582 | E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no |
| Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS | Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA | Bankkonto: Bankkonto: | 8101.05.12891 8101.05.91392 | Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal |

Salen fekk sleppe til med korte spørsmål. Desse hadde ordet: Oddvar Tynes. Hans Frafjord. Oddvar Mikkelsen. Odd Einar Fjørtoft. Erlend Koppen. Inge Moen. Arne Rekkedal. Elling Kvammen. Trond-Arild Røttingsnes.

Leiar i Norges Bondelag, **Nils T. Bjørke**, avslutta konferansen med innlegg om landbruks- og matpolitikken framfor nye store utfordringar lokalt, nasjonalt og internasjonalt.



Innleiarar på landbrukskonferansen: f.v.: rådgjevar **Oddbjørn Kval-Engstad** i Landbruk Nordvest, **Surnadal-ordførar Mons Otnes (Ap)**, landbruksdirektør **Anne Berit Løset** far og dotter **Søren Johan** og **Anette Øveraas** frå Vestnes, rådgjevar i Tine, **Lasse Krogseth**, styreleiar i Felleskjøpet, **Oddveig Gikling-Bjørnå** og regionleiar i Nortura, **Paul Sindre Vedeld**. (Foto: Arild Erlien).

I si oppsummering - Dette skal vi få til! sa styreleiar i Landbruk Nordvest, **John Helde**: - Vi har eit fantastisk yrke i eit flott fylke. Det er dyrt å byggje, men det blir aldri billigare. God agronomi blir aldri umoderne. Våre samvirkeorganisasjonar er truga. Vi må slutte opp om det vi har i fylket. Det er mulegheiter, som innan gris, egg og kylling. – ”Yes we can!”



Nestleiar Birgit Oline Kjerstad (på talarstolen), og **støttingsrepresentantane: Else-May Botten (Ap)**, **Molde**, **Jenny Klinge (Sp)**, **Surnadal** og **Rigmor Andersen Eide (KrF)**, **Ålesund** (Foto: Arild Erlien).

Årsmøtet fredag 11. mars kl. 17.00 til laurdag 12. mars kl. 13.30



Leiar i Norges Bondelag, **Nils T. Bjørke**.

Årsmøtet tok til kl. 17.00-19.00 med tale ved leiar i Norges Bondelag, **Nils T. Bjørke**, og påfølgjande generaldebatt. Årsmøtet fredag ope for alle deltakarar på landbrukskonferansen. Generaldebatten leia av ordstyrar **Knut Sjømæling**.

Desse hadde ordet:

Oddvar Mikkelsen, Surnadal, om annonsekampanje.

Knut Hustad, Hjørundfjord, om avstand krav – tilbod og aksjonar.

Ivar Aae, Averøy, om noko med ”Landbrukets venner” på.

Edgar Dromnes, Rindal, om hjortejakta der dei som har dyr om sommaren, ser at dyra trekk på vinterbeite og skapar problem der utover hausten når jakta startar. Skulle kunne teke ut nokre sommardyr. Ørn tek ein del lam om våren.

Anne Katrine Jensen, fylkesstyret, tok opp ytringar i hovudstadsmedia. Må bli jobba med kommunikasjon og stammespråk. Endre namn på ordningane slik at dei fortel noko positivt om kva dei fører til.

Anders Øverbø, Rauma, om informasjonsarbeidet.

Birgit Kjerstad, fylkesstyret, om reklame og få vekk rundballeplasten som flyg omkring om vi skal ha truverd.

Arnfinn Grüner, Ålvund, om store hjorteflokkar utanom jakta, opna tidlegare og innmark tele meir. Økonomi.

Odd Einar Fjørtoft, Harøy og Fjørtoft, om korn kontra behovet for mjølk. Jordkultur må bli prioritert.

Atle Longva, Ytre Haram, om korleis vi går ut med bodskapet vårt i forhold til kva folk flest bryr seg om.

Knut Hustad, Hjørundfjord, replikk om økonomi.

Æresmedlem Guttorm Kjelsvik, Vestnes, om kor mykje matprisane har gått ned siste hundre år når ein korrigerer for inflasjon. Forskarar forklart med bruk av billig olje. Årsaka til krisen i England er at dei blei nettoimportør av olje for 10 år sida. Der er Norge om 10 år.

John Helde, Landbruk Nordvest, om målprisen på korn som blir utbetalt før kraftforprisen er fastsett tilsvarande som husdyrprodukt må vente på å ta ut pris i butikk.

Oddvar Tynes, rovdyrkontakt, kornoppgjær kontra mjølk.

Borghild Reenskaug frå Tine takka for samarbeidet om prosenttoll på konsummjølk som kom i siste liten. Viss på at det ville vore importmjølk utan. Riksutjamninga for mjølk. Roste samarbeidet om jordbruksavtala på Vestlandet.

Oddvar Mikkelsen, Surnadal, korn og kraftforpris.

Leiar Nils Bjørke oppsummerte: Annonse i Dagbladet igår. Media reagerte ikkje på størrelsen på kravet i fjor. Utfordring ved WTO-avtale er å bruke midlar på produksjon og kvalitet. Satsa på mange alliansepartnarar. Trur lurt å seie at mange unge vil overta. Må sjå på økonomi i korn når målet er auka norsk matproduksjon og ser inntektsutviklinga på referansebruka. Samla byråkrati var mot endre tollvernet.

Leiar Inge Martin Karlsvik oppsummerte: Såg utfordringa med høge krav kontra resultatet. Før eller seinare kan bli naudsynt med brot. Tidlegare jaktstart i nokre område om muleg. Få meir dynamisk samanheng mellom kornpris og pris husdyrprodukt. Få fokus på jordkultur og gøfing.

Middagen kl 20.00 vart leia av **Odd Ingvar Torvik** som er leiar i Gjernes Bondelag

Årsmøtet laurdag 12. mars kl 09.00

Årsmøteordstyrar Knut Sjømæling opna møtet og ønskte velkommen.

SAK 1: OPPROP. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Organisasjonskonsulent Arild Erlien foretok opprop. Delta-karlista vert lagd ved protokollen.

På årsmøtet møtte i alt 52 personar med røysterett, av desse 45 utsendingar frå 36 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret og 1 frå M&R Bygdekvinnelag.

Totalt deltok det 113 personar ein eller to dagar på konferansen og/eller årsmøtet. 109 av desse deltok på landbrukskonferansen fredag kl. 10.00-16.00.

Elles møtte som inviterte gjestar utan røysterett æresmedlemene Guttorm Kjelsvik og Gunnar Waagen, første vara Arne Rekkedal, rovdyrtsmann Oddvar Tynes, 4 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet og 4 frå fylkeskontoret.

Inviterte gjestar og innleiarar på temakonferansen og årsmøtet var: leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, stortingsrepresentantane i Næringskomiteen: Else-May Botten (Ap), Molde og Rigmor Andersen Eide (KrF), Ålesund, forutan stortingsrepr. i justiskomiteen, Jenny Klinge (Sp), Surnadal, landbruksdirektør i Møre og Romsdal, Anne Berit Løset, Anette og Søren Johan Øveraas frå Vestnes, styreleiar i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal, rådgjevar i Tine Midt-Norge, Lasse Krogseth, ordførar i Surnadal, Mons Otnes (Ap), rådgjevar Oddbjørn Kval-Engstad i Landbruk Nordvest, regionleiar Paul Sindre Vedeld, Vanylven.

Fylkesjordsjef Ottar Longva og fylkesagronomane Synnøve Valle, Åshild Melkeraaen og Kari Bjørnøy frå Fylkesmannens landbruksavdeling, Bjarne Øygard (Innovasjon Norge), Knut Bertil Øygard og Torill Strand (Gjensidige Nordmøre og Romsdal), Othild Tjugen, Eide (Tillitsvald Landkreditt M&R), Linda Gjerde Myren, Norddal (Regionestleiar Nortura), Borghild Reenskaug, Haram (styremedlem Tine Meieriet Vest), Karl Arne Aandal og Svein Aure (Felleskjøpet N&R), Dag Arne Helle (Regionsjef FK Agri Vestlandet), Lars Erik Hubred, Vestnes (fylkesleiar Norsvin), Andreas Hansen Brandvold, Sunndal (fylkesleiar TYR M&R), rektor Aadne Haarr og avdelingsleiar Geir Inge Lien (Gjermundnes landbruksskole), styreleiar John Helde, dagleg leiar Ivar Bakken og rådgjevarane Arnar Lyche, Jon Geirmund Lied og Gerd Gunnerød frå Landbruk Nordvest.

I tillegg deltok det 13 deltakarar på temakonferansen fredag som var frå fylkeskommunen, landbrukstenester, rekneskapskontor og jordbrukssjefar i kommunane.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjend med tillegg av ny sak 12 om møtegodtgjersle.

SAK 2: VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLL

Vedtak: Bente Bjerkeset Solenes og Jan Arild Stokke valt til å skrive under protokollen.

SAK 3: OPPNEMNING AV REDAKSJONSNEMND

Vedtak: Audun Skjervøy frå fylkesstyret – leiar, Knut Hustad og Oddvar Mikkelsen.



Leiar i Norges Bondelag, Nils Bjørke (på talarsolen), årsmøteordstyrar Knut Sjømæling og fylkesleiar Inge Martin Karlsvik.

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik si tale

Vi må drøfte korleis landbruket skal vere om 20 år slik at vi tilpassar verkemidlar framover.

Helsing og orientering frå samarbeidande organisasjonar

Linda Gjerde Myren, regiontillitsvald i Nortura: Eigenkapitalen. Konkurransen, maktfordeling og merkevarer.

Gunda Bele, nestleiar i Møre og Romsdal Bygdekvinnelag: Samarbeid. Omdømmebygging og rekruttering. Trivselsbygda. Nytt prosjekt: Kvinner opnar bygda.

SAK 4: ÅRSMELDING FOR 2010

Årsmeldinga vart lagt fram av organisasjonssjefen Gunnar Wentzel. **Desse hadde ordet:**

Ivar Aae, Averøy.

Anders Øverbø, Rauma: Meinte det var mykje positivt som har skjedd og kan skje om alt som er skreive i arbeidsplan og Fornyingsutvalet vert sett ut i livet. Han var positiv til leiar sin invitasjon til at organisasjonen tek debatten om korleis jordbruket skal vere om 20 år. Etterlyste materiale som vi manglar for å presentere nærings overfor skule og VGS. Utdanningssavisa delt ut i 700.000 eks over heile landet der dei grøne næringsane mangla.

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2010 godkjend.

SAK 5: REKNESKAP FOR 2010

Rekneskapet vart lagt fram av organisasjonssjefen Gunnar Wentzel.

Revisors melding 2010:

Regnskapet er revidert og funnet i orden. Beholdningen i bank stemmer med utskrifter frå banken. Det er kontrollert at alle bilaga forefinnes i regnskapet og at dagboken stemmer. Skattetrekk og arbeidsgiveravgift er betalt og lønns- og trekkoppgaver er innsendt på oppgavepliktige ytelser. Det er avsatt tilstrekkelig på skattetrekkkonto til å dekke skyldig skattetrekk pr 31.12.10. Vi tilrår at regnskapet for 2010 med årsoverskudd på kr 33.171 blir godkjent.

Molde 16. februar 2011 *Jon B Nedal (s) Ole M Aarstad (s)*

Desse hadde ordet:

Ola Steinsvik, Volda og Dalsfjord kommenterte at Norges Bondelag og fylkeslaga bør nytte Landkreditt.

Vedtak: Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2010 er godkjend. Rekneskapet er gjort opp med eit årsoverskot på **kr 33 171**. Eigenkapitalen 1.1.2010 var kr 876 629. Ny eigenkapital 1.1.2011 er med det **kr 909 800**.



SAK 6: ARBEIDSPLAN 2011-2012

Organisasjonssjefen la fram arbeidsplanen og reiste spørsmål om fylkeslaget skal setje opp dato for årsmøta i lokallaga i oktober. **Desse hadde ordet:**

Ivar Aae, Averøy meinte det var greitt å få forslag til årsmøtedato. Etterlyste invitasjon til Landbruk Nordvest på drøfting av jordbruksavtala med organisasjonane.

Ordstyraren tok ein rådgevande avrøysting om årsmøtet meinte fylkeslaget bør setje opp plan for årsmøta i lokallaga i oktober.

Vedtak: Arbeids- og tiltaksplan for 2011-2012 godkjend. Årsmøtet konkluderar med at det er eit overveldande fleirtal for at fylkeslaget set opp plan for årsmøta i lokallaga i oktober.

Næringspolitikk:

Mål: *Arbeide for ei inntekt og sosiale rettar på line med andre i samfunnet. Fylkeslaget sin uttale til jordbruksforhandlingane 2010 blir retningsgjevande for politiske prioriteringar i 2010 - 2011.*

- * Ta initiativ, vere pådrivar og drive skoloring i saker som gjeld landbrukspolitikken, næringsutvikling, WTO, EU og EØS, naturforvaltning, kulturlandskap, verneplanar, rovdyr, lokal og regional forvaltning.

Samfunnskontakt og utadretta verksemd

Mål: *Fremme distrikts- og landbrukspolitiske saker. Positive informasjonsmarkeringar med norsk mat i sentrum, synleggjere arbeidet Bondelaget gjer og presentere faktaopplysningar om landbruket.*

- * **Politikarar og beslutningsorgan:** Kontakt med offentlege myndigheiter og kommunane.
- * **Opinionen og forbrukarane:** Informasjonsaksjonar. Allianserbygging.
- * **Media:** Vere synleg i mediabiletet, reise egne saker og ta del i samfunnsdebatten.
- * Kontakt og drøfting mellom landbrukssamvirket og Bondelaget.
- * Open Gard – minst eitt arrangement i kvar region

Organisasjon

Mål: *Organisasjonsbygging, skoloring, rekruttering og auke medlemstalet.*

- * Utvikle møta i fylkeslaget og lokallaga som arena for sosial og fagleg aktivitet.
- * **Informere** tillitsvalde, medlemmer og andre ved lokal-lagsskriv og heimeside på Internett.
- * Kontakt med medlemmer og lokallag.
- * Prioritere medlemsverving av uorganiserte bønder. Invitere alle nye bønder til medlemsskap.
- * Rekruttering av unge til næringa og tillitsverv.

Landbruksbasert næringsutvikling – tradisjonelt og nye næringsgreiner

Mål: *Peike på mulegheiter på garden, forsterke det faglege miljøet i næringa.*

- * Informere om virkemidlar for næringsutvikling.
- * Auka arbeid med landbruksfaglege saker.
- * Regionalt samarbeid i samarbeidsrådet for Midt-Norge og med Vestlandfylka.

SAK 7: BUDSJETT FOR 2011

Organisasjonssjefen la fram budsjett.

Vedtak: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2011 godkjend. Budsjettet tek sikte på å oppretthalde eigenkapitalen som tilsvarende eit år med normal drift. Budsjettet tek ikkje omsyn til eventuelle ekstra aktivitetar der styret vil prøve å finne ekstra inntekter.

SAK 8: UTTALE TIL JORDBRUKSFORHANDLINGANE FRÅ BONDELAGET I M&R

Vedlegg: Framlegg frå fylkesstyret. Leiaren gikk gjennom hovudtrekka i forslaget.

Desse hadde ordet:

Knut Hustad, Hjørundfjord: Ønskte sterkare prioritering.

Leif Inge Grebstad, Sykkylven: Kortare, også om økologisk. SMIL-midlane går til stølstilltak med beiting. Skattefri fondsavsetna.

Geir Hole, Ørsta: Gris har dekningsbidraget blitt halvert siste året.

Odd Einar Fjørtoft, Harøy og Fjørtoft: Konkurranseskrafta i husdyrproduksjonen i f t import ved å ta ut i pris.

Elling Kvammen, Fræna: Forslaget om endring SMIL må i så fall gjerding kome i tillegg til grøfting.

Atle Longva, Ytre Haram: Målpris korn kan ikkje bli teke ut på husdyrprodukt. Ikkje kvotetak på 750.000 liter. Midlar som bidreg til omdømmebygging, som SMIL-midlar.

Per Kristian Gjerde, Stranda: Støtte syn på korn og kraftfor og samarbeidet med Vestlandfylka. Kalkylen som fylkeslaget er stikk i strid med det leiar i Norges Bondelag presenterte fredag. Når det kan bli for lite mat, må maten bli meir verd og snakke opp prisen, også på kjøtslaga utan målpris.

Arnfinn Gruner, Ålvund: Samd i fjerning av SMIL, men ha med gjerding. Velferdsordningar avgrensa kor mykje ein kan bruke.

Gunnbjørg Trondsen, Fræna: Jordbruksfrådraget for dei som har to brukarar må dele frådraget. Dersom samdrifter blir eit føretak kan det vere dei får berre eit jordbruksfrådrag. Bønder har rett til 90% sjukemelding med frådrag for administrasjon.

Leif Inge Grebstad: SMIL-midlar går til aktive brukarar.

Elling Kvammen: Sette fram forslag om at midlar til vedlikehald og nyanlegg av sperregjerde.

Daniel Golmen, Tustna: Støtter fjerning av SMIL-midlar som også er vanskeleg å forvalte rettvisst mellom brukarar.

Linda Gjerde, Nortura: For rekruttering er det inntektsløft som tel. Kortare uttale.

Atle Longva, Ytre Haram: Framlegg under punkt 8 om pris korn kontra husdyrprodukt.

Leiar Inge Martin Karlsvik gikk gjennom forslaga.

Ordstyraren tok opp framlegg til tillegg om gjerding under SMIL til avrøysting og det vart vedteke.

Framlegg om tillegg under korn og kraftfor frå Atle Longva og Odd Einar Fjørtoft: Auka målpris i kornsektoren må ikkje skape ein situasjon som overfører arbeidet med forbetring av økonomien i husdyrproduksjonane til sentrale kornområde.

Vedtak: Framlagte uttale blir oversendt Norges Bondelag som fylkeslaget sin uttale framfor jordbruksforhandlingane 2011. Framlegget frå Kvammen om sperregjerde, og frå Longva og Fjørtoft om pris korn kontra husdyr, vedteke innarbeida.

SAK 9: INNKOMEN SAK FRÅ NESSET BONDELAG

Vedlegg: Sak til Årsmøtet frå Nesset Bondelag om utbygging av småkraftverk inntil landskapsvernområde.

Olav Rød frå Nesset Bondelag presenterte saka.

Olav Mausset, Surnadal: Forslaget omfattar berre verneområde. I Surnadal er det sidevassdrag til verna vassdrag der det er avgrensa minstevassføring ein kan nytte inn i kraftverk.

Vedtak: Fylkeslaget tek saka opp med fylkeskommunen og Norges Bondelag. Det blir innarbeid utnyttingsgraden av sidevassdrag til verna vassdrag.

Årsmøtet sin grunngjeving som også blir offentleggjort er:

Fylkeskommunen må ta opp reglane for landskapsvernområde med staten slik at det blir høve til å ha inntak av vatn til småkraftverk innanfor vernegrensa. Dette kan vere ein føresetnad for å få økonomi i små prosjekt der høgde på fallet er avgjerande. Då dei store verneområda var oppretta var småkraftutbygging ikkje tema. Vi har mange eksemplar i heile fylket på at vassinntak oppe i fjellsidene ikkje vil vere synleg.

Lokal kraft basert på fornybar energi reduserer presset på overføringsleidningar. Dei indre bygdene våre har trass i store ressursar nedgang i folketalet og prekært behov for ny næringsaktivitet. Småkraftverka fører til satsing på fjøs og at dei unge blir svært interesserte i å ta over garden. Dei fleste vassdraga har også tidlegare vore viktige for gardsbruka og kommunane, til kvern, sagbruk og kraftverk.

Då dei store verneområda vart oppretta var det semje om at vernegrensene i stor grad skulle gå over grensa for økonomisk produktiv skog. Vassinntak til småkraftverk var diverre ikkje ei aktuell problemstilling før i dei siste vedteknene verneplanane. I dag er mykje av dei indre fjellstroka med store vasskraftressursar verna langt ned i fjellsidene. I alt er 28% av Møre og Romsdal verna etter Naturvernlova som er til hinder for småkraftverk.

Vårt fylke er mellom dei som har størst ressursar for småkraftutbygging. Småkraftverk vil normalt vere elvekraftverk som fører vatnet tilbake utan å regulere vassdraget. Difor ber årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag om at fylkeskommunen tek reglane opp med sentrale styresmakter.

SAK 10: UTTALER FRÅ ÅRSMØTET

Redaksjonsnemndas leiar Audun Skjervøy la fram forslag.

Desse hadde ordet til Jordvern: Ola Steinsvik. Birgit Kjerstad.

Desse hadde ordet til Rekruttering:

Geir Hole: Føye til konkurransedyktig økonomi på line med andre grupper.

Per Kristian Gjerde: Endring: Fylket vårt har så lite investeringsmidlar at dei er oppbrukt i løpet av mars månad. Knut Hustad: Inntekt.

Vedtak: Uttaler om Jordvern og Rekruttering vedteke.

UTTALE 1:

Møre og Romsdal er jordvern-versting: Fylket og kommunar gjer ikkje jobben sin

Fleire og fleire land sikrar seg jord i andre land for framtidig matproduksjon til eige folk. I Norge går vi motsett veg og lét matjorda fare ved at omdisponeringssaker svært lett går gjennom i mange norske kommunar. Dette er ikkje ein berekraftig politikk.

Møre og Romsdal er eit verstingfylke innafor jordvern. Fylket og kommunar med god hjelp av nokre grunneigarar omdisponerte i fjor 1800 dekar dyrka jord i fylket. Dette er



nesten det doble av det Akershus med Oslo byggjer ned. Verken Fylkesmannen eller kommunane gjer jobben sin. Det er lokalval i år, og det gjev oss høve til å velje politikarar som kan vere med på å endre kursen.

Kommunane har ansvaret, og fylket kan i tillegg kome med motsegn i nedbyggingssaker. Det er viktig at dei 3,9 prosentane av arealet i fylket som er matjord, blir sett på som verneverdig. Finn fram den jordvernplanen som fylket vedtok så seint som i 2007. I dag har Norge berre 1,7 dekar dyrka mark per innbyggjar. Det er lågare enn gjennomsnittet i verda.

Kommuneplanane må sjå på opne landskap med matjord som ein livsviktig ressurs på lik linje med natur, strandsone og kulturminne. Samanhengande jordbruksområde må vernast mot utbygging med ei "markagrense". Det er eit potensial for nydyrking, men mykje av den beste jorda er oppdyrka. Det største presset på areala finn ein rundt dei større byane og tettstadene. Likevel blir mykje jord omdisponert i samband med vegbygging og utbygging i distrikta.

Vårt krav er at vedtak om omdisponering av dyrkamark må flyttast frå kommune til Fylkesmann. Nedbygging må berre gjelde nasjonalt viktige føremål. Ved utbygging må tiltakshavar bidra til å dyrke opp tilsvarande areal.

UTTALE 2:

Det må bli meir attraktivt for unge å satse på landbruk

Det er svært tøft for dei som er unge og vil satse som sjølvstendig næringsdrivande innanfor landbruk. Regjeringa bør som ein del av sin næringsstrategi for landbruket gå gjennom alle kostnadsdrivande område. Investeringsmidlar er målretta rekrutteringstiltak. Det beste ungdomstiltaket med garantert effekt er likevel konkurransedyktig økonomi på linje med andre grupper.

Etter initiativ frå lokallaget i Rauma har Bondelaget i Møre og Romsdal sett i verk fleire rekrutteringstiltak. Det har verka positivt at rekruttering, likestilling og kompetanse har vore gjennomgåande tema for arbeidet. Møre og Romsdal fylkeskommune har dei same politiske prioriteringane. Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag ber om at det blir arbeidd vidare med å betre dei samla rammevilkåra for dei som skal satse på gardsdrift.

Fylket vårt har så lite investeringsmidlar at alt er brukt opp i mars. Det trengst ein målretta investeringspakke for Vestlandet. Etableringstilskot for unge under 35 år og innan 5 år etter eigarskifte er ei god ordning i jordbruksavtala.

Det må etablerast ei investeringsfondsordning for unge, som ei "BSU-ordning". Skattefri fondsavsetnad for reinvestering i garden bør innførast. Avskrivingsatsen for næringsbygg må opp frå 4 til 8 prosent. Jordbruksfrådraget bør gjelde for alle som har næringsinntekt frå garden på same måten som minstefrådrag for alle lønstakarar.

Det er også behov for tiltak som medverkar til at fleire bruk blir selde slik at unge som er interesserte, kan få kjøpe og drive gard.

Vi må arbeide for ei haldningsendring blant odelsrettshavarar som ikkje vil drive gard, for å få dei til å selje gardane til ungdom som vil inn i næringa. Det må også gjerast meir lønsamt å selje garden når ein sjølv ikkje lenger ønskjer å drive.



Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik overleverte bodstikkene til leiar i Ørsta Bondelag, Geir Hole (t.v.) og leiar i Rindal Bondelag, Tore Simonset (t.h.)

BODSTIKKE LANDET/FYLKET RUNDT - VÅRENS INFORMASJONSKAMPANJE: *NOKON MÅ HA BEINA PÅ JORDA.*

Organisasjonssjefen presenterte informasjonskampanjen og markeringa i Oslo tysdag 12. april.

SAK 11: VAL

Leiaren i valnemnda, Ivar Aae, la fram tilrådinga. Nemnda har hatt ei utfordring med å få kvinner til å stille på va-raplass. Han reiste spørsmål om tid for innspel til valnemnda var for tidleg.

Vedtak: Val av teljekorps: Anne Turid Myrbstad, Atle Frantzen, Linda Gjerde Myren og Borghild Reenskaug. Det er 52 med røyserett.

Desse hadde ordet:

Audun Skjervøy, fylkesstyret, opplyste kvifor han trekte seg etter eit år pga arbeidsmessige forhold kombinert med lokalpolitikken, men hadde framleis interesse for å arbeide som grøntalsperson. Han oppmoda fylkeslaget om å vurde-re eit eige grøntutval.



Fylkesstyret: F.v.: fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, nestleiar Birgit Oline Kjerstad, Anne Katrine Jensen, Arne Rekkedal, Hans Frafjord og vara Erik Olufsen

1. Leiar. Val for 1 år

På val: Inge Martin Karlsvik, Eide (Valt til leiar i 2010) (nestleiar frå 08, v 05 - stiller til attval)

Vedtak: Inge Martin Karlsvik, Eide - Attvald med 48 st., 4 blanke, i alt 52 st.

2. To styremedlemer. Val for 2 år.

På val: Birgit Oline Kjerstad, Haram og Audun Skjervøy, Norddal
Audun Skjervøy har takka nei til attval i styret.

Vedtak: 1. Styremedlem Birgit Oline Kjerstad, Haram – Attval 50 st, 2 bl
2. Styremedlem Arne Rekkedal, Ørsta Ny(1.vara frå 2010) - Valt 47 st, 5 bl

3. Nestleiar. Veljast for 1 år mellom dei 4 styremedlemene.

Vedtak: Birgit Oline Kjerstad, Haram – Attval 49 st, 1 bl, 1 forkasta.

4. Val av 3 vararepresentantar til styret i nr.-orden for 1 år.

Janne Mork har takka nei til attval.

Vedtak: 1. vara: Erik Olufsen, Aure - Ny
2. vara: Petter Melchior, Norddal - Ny - opp frå 3. vara
3. vara: Elling Kvammen, Fræna - Ny

5. Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag (2011/2012)

(Dei som er valt for to år og som skal møte i 2011 også (ikkje på val i år), er forutan leiaren:

1. Anne Katrine Jensen, Gjemnes (2010/2011)
2. Hans Frafjord, Vestnes (2010/2011)

| | |
|--|-------------|
| Vedtak: Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 2 år | (2011/2012) |
| 3 Birgit Oline Kjerstad, Haram | (2011/2012) |
| 4 Arne Rekkedal, Ørsta | (2011/2012) |
| Vedtak: Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag for 1 år | (2011) |
| 5 Erik Olufsen, Aure | (2011) |
| 6 Petter Melchior, Norddal | (2011) |

6. Val av 6 varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i nummerorden for 1 år.

| | |
|----------------|---------------------------------------|
| Vedtak: | 1. Elling Kvammen, Fræna |
| | 2. Leif Inge Grebstad, Sykkylven |
| | 3. Jan Arild Stokke, Fræna |
| | 4. Erlend Koppen, Volda |
| | 5. Anders Øverbø, Rauma |
| | 6. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag |

7. Ordstyrar til årsmøtet 2012 Det vert valt ein ordstyrar med vararepresentant.

Vara : Knut Sjømelting, Gjemnes (valgt 06) har takk nei til attval

| | | | |
|----------------|-----------------------|-------------------------------------|------------------------------|
| Vedtak: | Ordstyrar: | Anne Saltrø Polden, Surnadal | - Attval |
| | Varaordstyrar: | Arne Magnus Aasen, Tingvoll | - Ny (fylkesleiar 2004-2010) |

8. Val av revisorar – går ut

Fylkesbondelaga sine rekneskap blir frå 1. januar 2011 ført og revidert av Norges Bondelag.

9. Valnemnd – val av 1 medlem for 3 år

Medlemmene i valnemnda blir valt for 3 år. Ein eller to medlemmer står på val kvart år. Det blir valt 3 varamedlemer i nummerorden for 1 år. Leiar og nestleiar blir av årsmøtet valt for 1 år mellom dei fem medlemmene i valnemnda.

Dei som ikkje er på val er:

| | |
|---|------------------|
| Ivar Aae, Averøy (leiar) | (2010/2011/2012) |
| Ola Steinsvik, Volda | (2010/2011/2012) |
| Leif Inge Grebstad, Sykkylven (nestleiar) | (2011/2012/2013) |
| Gunnbjørg Trondsen, Fræna | (2011/2012/2013) |

På val i 2011:

| | |
|--------------------------------|------------------|
| Jorunn Solnørdal Myren, Ørskog | (2009/2010/2011) |
|--------------------------------|------------------|

| | | |
|----------------|---------------------------------|-------------------------|
| Vedtak: | Olaug Kvendset, Surnadal | (2012/2013/2014) |
|----------------|---------------------------------|-------------------------|

| | | | |
|---|----------------|-------------------------|---------------|
| <u>Val av leiar i valnemnda 2012 for 1 år:</u> | Vedtak: | Ivar Aae, Averøy | Attval |
|---|----------------|-------------------------|---------------|

| | | | |
|---|----------------|--------------------------------------|---------------|
| <u>Val av nestleiar i valnemnda 2012 for 1 år:</u> | Vedtak: | Leif Inge Grebstad, Sykkylven | Attval |
|---|----------------|--------------------------------------|---------------|

10. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda (2012) i nummerorden for 1 år:

| | | |
|----------------|------------------------------------|---------------|
| Vedtak: | 1) Jens Kristian Eikrem, Tingvoll, | Attval |
| | 2) Geir Hole, Ørsta, | Attval |
| | 3) Søren Johan Øveraas, Vestnes | Attval |

Sak 12. REISE OG MØTE- GODTJERSLE TIL STYRE OG REVI- SORAR

Vedtak: Fylkeslaget nytter Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegødtjersle til fylkesstyret, og til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptre på vegne av fylkeslaget.

(Møtegødtjersla gjeld ikkje for utsendingar frå lokallaga til leiarmøtet og årsmøtet av di det ikkje er budsjettmessig dekning for det i fylkeslaga. Reisedekning for desse møta blir fastsett av styret. Evt møtegødtjersle for lokallaga må bli gjevne etter vedtak i årsmøta i lokallaga.)



Frå landbrukskonferansen 11. mars 2011.



Rauma Bondelag mottok vandrepremien, trekofferten, som Aktivt Lokallag 2010. Frå venstre: Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, Eide, leiar i Rauma Bondelag, Anders Øverbø, nestleiar i Rauma Bondelag, Øyvind Karlsen-Heinåli og leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke (Foto: Arild Erlien).

VINNAR AV AKTIVT LOKALLAG 2010: RAUMA BONDELAG

Under årsmøtet vart Rauma Bondelag utnemnt til Aktivt Lokallag 2010. Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik, overrekte vandrepremien, trekofferten, til leiar Anders Øverbø og nestleiar Øyvind Karlsen-Heinåli. Årets Aktiv Lokallag i kvart fylke får kr 5 000 frå Norges Bondelag. Laget går vidare til konkurransen i Norges Bondelag om Årets Lokallag.

Styret i M&R Bondelag vil som «Aktivt Lokallag» for 2010 utnemne eit lokallag som har halde jamn, stor og god aktivitet. Fleire lokallag har siste året utmerka seg med stor aktivitet, aktiv verving, liksom årets lokallag.

Årets Aktivt Lokallag har gjennom mange år halde ein jamn stor aktivitet og vore vurdert som ein av mange aktuelle kandidatar, men aldri blitt kåra til aktivt lag.

Medlemsverving skal tilleggast stor vekt ved kåring av Aktivt Lokallag. Lokallaget fekk heile 11 nye medlemmer i 2010 og 17 nye medlemmer i 2009.

Laget har i mange år vore drivkrafta bak den tradisjonelle landbruksmartnan i september, der medlemmene har lagt ned eit stort arbeid m.a. med dyre- og maskinutstilling.

Vedlagte meldingsskjema frå lokallaget viser at laget i tillegg til aktiv medlemsverving og stor medlemsauke, hadde varierte aktivitetar i 2010: Uttale jordbruksforhandlingane, Landbruksmartna, julebord for medlemmene, dyrevelferdskurs, 3 kafemøter – første måndag i kvar månad i vinterhalvåret, og fleire medlemsmøte.

Lokallaget har gjennom heile året vore godt synleg i lokalavisa med m.a. protestar mot nedbygging av matjord. Lokallaget er aktivt med i styringsgruppe for SMIL-midlar og fleire andre kommunale utval. Lokallaget bestod inntil for nokre år sida av fem lokallag og fått det til å fungere i eit kommunelag.

Lokallaget har dei siste åra teke verdfullt initiativ til fornying og nytenking i Bondelaget. Spesielt arbeide meir aktivt med rekruttering på bredt grunnlag i Norges Bondelag og i vårt fylke. Laget kom med fleire konstruktive innspel på dette i arbeidet med nytt Prinsippprogram i Bondelaget, dei la fram eigen sak om rekruttering på fylkesårsmøtet, og var pådrivar til det prosjektet fylkesbondelaget no har i gang på rekruttering, likestilling og kompetanse. Laget har nyleg invitert styret i Norges Bondelag til å besøke kommunen for å sjå nærare på arbeidet med merkevarebygging.



Styremedlem Audun Skjervøy (t.v.), ordstyrar Knut Sjømæling og revisor gjennom mange år, Jon B. Nedal, vart takke for innsatsen av fylkesleiar Inge Martin Karlsvik. (Foto: Arild Erlien)

PREMIERING FOR MEDLEMSVERVING

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik leste opp alle lokallag som har fått minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets årsmøte, og premierte dei med Bondelagets kjeledress. Mange lag har verva tre eller fire medlemmer. Totalt fekk Møre og Romsdal Bondelag 168 nye medlemmer frå årsmøtet 2010 til årsmøtet 2011.

Dei som vart premiert var:

Gjemnes Bondelag (13 nye), Surnadal Bondelag (13 nye), Rauma Bondelag (11 nye), Vestnes Bondelag (11 nye), Rindal Bondelag (10 nye), Stranda Bondelag (8 nye), Halså og Valsøyfjord Bondelag (8 nye), Molde Bondelag (8 nye), Nesset Bondelag (7 nye), Skodje Bondelag (6 nye), Sunnlyven Bondelag (6 nye), Eide Bondelag (6 nye), Fræna Bondelag (6 nye), Giske Bondelag (5 nye), Sykkylven Bondelag (5 nye), Tingvoll Bondelag (5 nye).

AVSLUTNING

Ordstyrar Knut Sjømæling takka for samarbeidet som tillitsvald sidan 1992 i fylkeslaget. **Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik** takka for tilliten og samarbeidet i styret og med kontoret.

Han takka styremedlem Audun Skjervøy, ordstyrar Knut Sjømæling og revisor gjennom mange år, Jon B. Nedal, for innsatsen.

Årsmøtet heva kl 13.30

Gunnar K Wentzel – ref - Knut Sjømæling - ordstyrar

Bente Bjerkeset Solenes (s) Jan Arild Stokke (s)



Stortingsrepr. Jenny Klinge (t.v.), leiar i Norges Bondelag, Nils T. Bjørke, stortingsrepr. Else-May Botten, æresmedlem Guttorm Kjelsvik og avdelingsleiar Gjermundnes, Geir Inge Lien. (Foto: Arild Erlien).